



Dei kokar godt i lag - i dette høve kaffe - leiarane Marita Totland og Marit Helvik

Hagelaga i Kvinnherad - som formelt heiter Hageselskapet Kvinnherad i Rosendal og Hageselskapet Husnes på Husnes - spelar godt i lag. Det gjorde dei til dømes i kveld med eit felles arrangement på nøytral grunn - Gamleskulen i Uskedalen. Her er det ikkje noko hagelag, men kvifor ikkje lage eitt lag for heile kommunen?

-Vi har vore innom tanken, innrømmer Rosendal-leiar Marit Helvik.

Kveldens program var produksjon av adventkransar og det var sjølvsagt Gro Hjelmeland som instruerte ein liten time med flinke fingrar og stor estetisk sans.



Etterpå var dei vel 30 'elevane' over i butikken og sjekka kva hjelpemidlar dei hadde til disposisjon. Utan å gå i detalj kan ein slå fast at det går med både konglar, nellikkar og englar hvis ein vil laga ein krans som i alle fall vi falt for.

Gro trylla saman to praktfulle kransar og det er grunn til å tru at det vert laga kransar både her og der i kommunen dei næraste dagane. Når det så gjeld ein mogeleg fusjon er det interessant å notera at Rosendal-laget berre har 30 medlemmer men at det uhyre driftige laget på Husnes har passert 100. Uskedalen har medlemmer både her og der.. Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



